

# Høyringsvar frå Vestlandsforskning: NOU-2023:10 – Leve og oppleve – reisemål for en bærekraftig fremtid.

## Om Vestlandsforskning

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt med 36 tilsette. Vi har base i Sogndal og forankring i Vestland. Forskarane utfører tverrfagleg og bruksretta forskning på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå innan tre fagområde: klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn.

Instituttet har 10 erfarne forskarar på reiseliv, der åtte har doktorgrad og to av desse har professorkompetanse. Vi forskar på reiselivsnæringa sitt arbeid med klima, miljø og berekraft, og korleis reiselivsbedrifter kan auke verdiskapinga si gjennom innovasjon, entreprenørskap og opplevingsturisme. I tillegg leier Vestlandsforskning Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt) på vegner av åtte partnerinstitusjonar. Dette senteret arbeider mellom anna med å bygge og samle ny kunnskap om korleis ulike samfunnsaktørar kan tilpasse seg klimaendringane.

Vestlandsforskning har leidd fleire store forskingsprosjekt innan reiseliv dei siste tiåra med finansiering frå Noregs forskingsråd, Regionalt forskingsfond Vestland og EU-kommisjonen, mellom anna gjennom Horisont 2020. Døme på prosjekt som er finansierte av Noregs forskingsråd er *Turisme og klimarisiko, ein modell for korleis det norske reiselivet kan redusere klimautslepp og auke verdiskaping* (TourRisk, 2021-2024), *Virkninger av klimaendringer på norsk naturbasert reiseliv* (Climtour, 2018-2022) og *Andre generasjon bygdeturisme* (2011-2015), om framtida for norsk distriktsreiseliv. I tillegg utfører vi oppdrag for kommunar og fylkeskommunar, men òg organisasjonar og private aktørar i reiselivet.

## Forskingssenter for berekraftig reiseliv

Vestlandsforskning har ambisjonar om å etablere eit forskingssenter (Senter for forskingsdriven innovasjon) for berekraftig reiseliv på sikt, og er no i gang med å førebu ein større søknad til Kapasitetsløft i 2024.

## Bakgrunn

Reisemålsutvalet sitt mandat var å drøfte seks problemstillingar: «besøksforvaltning, fellesgoder, tilgjengelighet, regulering av cruisetrafikk, destinasjonsledelse og samarbeid på reisemål og klimarisiko».

I omtalen av mandatet les vi at Reisemålsutvalet skal vurdere reisemålsutvikling i norske kommunar, og vi forstår Reisemålsutvalet slik at dei fokuserer på lokalsamfunna og kommunane si rolle i handteringa av den auka turiststraumen til Norge dei siste ti åra:

*«Det er behov for en helhetlig gjennomgang av kommunenes handlingsrom blant annet når det gjelder å styre besøk, forvalte lokale fellesgoder og finansiere disse og andre reiselivsrelevante tjenester» (s. 20).*

### 1. KLIMAOMSTILLING I REISELIVET

*«Utvalget mener at det er behov for å tenke nytt om hvordan man måler reiselivets suksess. I tråd med OECD (2021) mener utvalget at vi må gå bort fra et vekstparadigme hvor økende besøkstall er et hovedmål, til å måle reiselivets suksess ut fra de positive effektene som reiselivet bidrar til på reisemålet og overfor lokalbefolkningen»*

*«Utvalget kan ikke se at et mer bærekraftig reiseliv er oppnåelig uten at de besøkende reiser kortere og med mindre forurensende transport til reisemålet, tar mer hensyn til naturens tålegrenser og betaler mer for tjenestene de bruker. Hvorvidt disse endringene bidrar til mer eller mindre reiseliv, er ikke opplagt.» (s. 31)*

Vestlandsforskning vil her framheve at reiselivet er den første sektoren i Noreg som får eit nasjonalt styringsdokument som tek klimakrisa på alvor. Vi vil gå så langt at vi vil kalle dette grensesprengande, då forskarar ved Vestlandsforskning over fleire år har stilt kritiske spørsmål til vekstparadigmet i reiselivet, som vil seie at hovudmålet i reiselivet skal vere stigande besøkstal. Vi les NOU-en slik, at Reisemålsutvalet har valt å gå vekk frå vekstparadigmet. Meir konkret omtalar NOU-en transporten til og frå reisemåla, som er området der forskinga viser at mykje av problema på miljøsida ligg. Reisemålsutvalet skriv i klartekst at ei berekraftig utvikling av næringa vil krevje ein kraftig reduksjon i utslepp frå transport. Det kan ifølgje utvalet anten skje gjennom grøne transportformer, kortare reiser eller færre reiser.

Vi vil vidare gje ros til Reisemålsutvalet for å vere tydeleg på at klimaomstilling må til, at ikkje alle bedrifter let seg omstille til lågare utslepp utan vidare – uansett om det fører til fleire konkurransar. Dette er nye takter, innafor reiselivet så vel som i andre næringar. Vi legg særleg merke til følgjande formulering:

*«De delene av dagens næring som ikke evner å omstille seg i bærekraftig retning, vil i det lange løp ikke ha livets rett. For aktørene det gjelder vil det være krevende, men utvalget mener at det ikke er grunnlag for å beskytte virksomheter som ikke klarer å møte fremtidens krav til bærekraft» (s. 32).*

### 2. KOMMUNANE SI ROLLE I BESØKSFORVALTNING

Reisemålsutvalet har fått fram mange gode tankar kring besøksforvaltning. Vi ser det som positivt at det er lagt opp til stor lokal forankring av arbeidet i kommunane:

*«Utvalget mener at kommunene må ha en sentral rolle i reisemålsledelsen. Besøksstrategier som utvikles må forankres i det kommunale plansystemet» (s. 12)*

Samtidig vil vi peike på at det er eit krevjande arbeid med besøksforvaltning som er lagt på kommunane, som ofte er små ute i distrikta. Ansvarer krev ein inngåande forståing for reiselivsnæringa og koordineringa av arbeidsoppgåvene med reiselivsaktørar og destinasjonsselskap er tidkrevjande. Vi legg merke til at Reisemålsutvalet føreslår øyremerka midlar til finansiering av fellesgode (gjennom besøksbidrag) og vi ser også positivt på at interkommunalt samarbeid er peika på som ein arbeidsmåte. I tillegg er også fylkeskommunen rolle i arbeidet med besøksforvaltning trekt fram, noko vi meiner er viktig. Vi ser også at reisemålselskapa, som til dømes Visit Sognefjord, eller landsdelsskap som Fjord Norge, kan spele ei viktig rolle i arbeidet med besøksforvaltning.

### 3. KULTUREN SI ROLLE I EIT BEREKRAFTIG REISELIV

Reisemålsutvalet legg vekt på at regjeringa vil legge til rette for eit meir berekraftig reiseliv, men kulturbasert reiseliv er i liten grad omtala. Vi etterlyser eit større fokus på kulturen si rolle i eit berekraftig reiseliv:

#### 1) NOU 2023:10 omtalar ikkje tidlegare prosessar knytt til kultur og reiseliv.

Reisemålsutvalet har gitt ei fin utgreiing om kva avgrensingar dei gjer mot andre prosessar, men kultur og reiseliv er fråverande. Her finst relevante prosessar, som ikkje er teke med, til dømes:

- 1) Strategi for kultur og reiseliv – Noreg som attraktiv kulturdestinasjon (2019)
- 2) «Powered by Culture» (2019), sluttrapport frå «Samarbeidsråd for kultur og reiseliv»
- 3) Klima- og miljødepartementet: Meld. St. 16 (2019 – 2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Vår tilråding er at Reisemålsutvalet tek med seg innspela frå desse dokumenta. Samtidig føreslår vi at kultur vert innlemma i problematisering av klimaomstilling og berekraftig utvikling av reiselivet, då kultur kan spele ei sentral rolle i alle tre dimensjonane: miljø, sosialt og økonomisk.

#### 2) Kultur kan spele ei viktig rolle i eit berekraftig reiseliv

Vi meiner at kulstur kan spele ei sentral rolle i eit berekraftig reiseliv. Vestlandsforskning har i ein av sine studiar sett at kulturturistar kan vere meir kortreiste, frå til dømes Norge, eller tradisjonelle nærmarknadar i Europa. Vidare er dei meir opptekne av å ta berekraftige val når det gjeld kjøp av varer og teneste (Engeset, Oklevik & Urbaniak-Brekke, 2022). Slik kan kulturturistar bidra til å styrke den miljømessige berekrafta. Det er også eit høgare verdiskapingspotensial knytt til kulturbasert reiseliv, enn til naturbasert turisme, noko som styrkar økonomisk berekraft i reiselivet (Innovasjon Norge, 2016, Powered). Kulturturisme bidreg også til den sosiale berekrafta, forstått som tilfredse lokalsamfunn, då gode kulturopplevingar også aukar lokalsamfunna sin attraktivitet for innbyggjarane.

Vi vil også trekke fram at kultur vert omtala som ein fjerde pilar i berekraftsomgrepet, mellom anna i Stortingsmeldinga «Nye mål for kulturpolitikken (2019-2020)». Her vert kulturarven si betydning for ei berekraftig utvikling understreka.

#### 3) Kultur som ein ressurs i det naturbaserte reiseliv.

NOU-en omtalar kultur som ressurs ulike stadar i dokumentet, men kultur framstår hovudsakleg som ressurs i teksten om det naturbaserte reiselivet. I «Status og utvikling i reiselivsnæringa», «Natur og kultur er viktige ressurser» (del 4), vert kultur omtala slik:

*«Dette kapitlet beskriver hvilken betydning reiselivet har for lokalsamfunnet og for verdiskaping og sysselsetting, og hvordan natur og kultur bidrar til reisemålets attraktivitet» (s. 17).*

Kultur vert vidare omtala om «Fellesgoder» (del 6) og som ein ressurs under press, i «Press på natur- og kulturmiljø».

Vi tilrår ei presisering av kulturomgrepet som ressurs i naturbasert reiseliv, som til dømes kulturminne og kulturlandskap si betydning i eit naturbasert reiseliv. Særleg har kulturlandskapet i innmarka og beitelandskapet i utmarka stor opplevingsverdi for det naturbaserte reiselivet. Her viser

til dømes «Powered by culture»-rapporten til Sveits-modellen, der bønder som tek vare på kulturlandskapet vert kompenserte av staten for å unngå at landbruket vert nedlagt.

I tillegg forvaltar og formidlar dei norske friluftsmusea døme på dei førindustrielle kulturlandskapa gjennom «Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap». Studiar av kulturlandskap peikar på moglegheitene som ligg å ta vare på spor etter felles fortid og formidling av kunnskap og verdier inn i samtida, og at kulturlandskap kan bidra til å løyse miljøutfordringar.

#### **4) Manglar definisjon av kulturbasert reiseliv - sentrale delar vert utelatne.**

Vi etterlyser også ein definisjon av kulturbasert reiseliv, noko som er å finne i tidlegare prosessar og dokument. Ei følgje av å sjå kultur berre som ressurs i naturbasert reiseliv vert at *kulturarv*, *kulturlandskap*, eller *kultur forstått som kvardagsliv og levemåtar* vert utelate. I tillegg vert kultur forstått som kreative næringer, som til dømes musikk eller kunst, heller ikkje inkludert.

Vi tilrår ei definering av kultur-omgrepet og eventuelt ei avgrensing. UNWTO (2018) sin definisjon av kulturturisme inneber eit stort repertoar av kulturopplevingar, noko vi meiner vil vere positivt for ei berekraftig utvikling av reiselivet (som vist til over, i punkt 2).

## **4. FORSKINGA SI ROLLE I EIT BEREKRAFTIG REISELIV**

Utvalet omtaler kunnskapsbasert utvikling av reiselivet fleire stadar i dokumentet, som til dømes «kunnskapsbasert verdiskaping» (s. 59), og «en kunnskapsbasert reisemålsutvikling» (s. 68). I tillegg understrekar heile bolk 7.3.2, «Faglighet og virkemidler for næringsutvikling» nettopp behovet for ny kunnskap. Å forske fram naudsynt kunnskap for ei berekraftig utvikling i reiselivet, meiner vi er såpass vesentleg at omtalen av forskingsaktiviteten i NOU-en vert noko vag:

*«Offentlige virkemidler i regi av blant annet Innovasjon Norge, Siva, Forskningsrådet, Enova, fylkeskommuner og kommunale næringsfond må tilpasses slik at de blir effektive virkemidler for reiselivet og kan fremme innovasjon, omstilling og utvikling» (s. 146)*

Langsiktige og føreseielege finansieringsordningar er ei hovudutfordring i forskingssektoren, og ikkje minst for reiselivsnæringa. Forskningsrådet sine ulike senterordningar bidreg til å byggje og behalde kompetanse, sidan dei både gir ei langt høgare årleg finansiering og kan vare i opp til åtte år.

Samstundes er det krevjande for reiselivet å nå fram i konkurransen om senterstatus på grunn av dei eksisterande senterordningane. Til dømes skal Senter for fremragende innovasjon (SFI) styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter og framifrå forskingsmiljø. Budsjetta skal vere på 10–12 millionar frå Forskningsrådet kvart år, og like mykje i bidrag frå brukarpartnarar. Storleiken på budsjetta og kravet til eigen- og brukarfinansiering, gjer at denne ordninga passar dårleg for reiselivet, der det er få aktørar med tilstrekkelege finansielle ressursar til å kunne delta.

Vi tilrår at det vert arbeidd med å utgreie ei senterordning og andre former for forskingsfinansiering som betre treff behova for omstilling og innovasjon i reiselivsnæringa.

Referansar:

Engeset, A.B, Oklevik, O. & Urbaniak-Brekke, A.M (2022). *The role of culture in sustainable tourism*. The 2022 WEI International Academic Conference Proceedings

*Kulturturistene 2016*. Innovasjon Norge. Epinion.

Samarbeidsråd for kultur og reiseliv (2019). *Powered by Culture*. Sluttrapport, 2019.

Klima- og miljødepartementet (2020). Meld. St. 16 (2019 – 2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Kulturdepartementet ( 2019). Strategi for kultur og reiseliv – Noreg som attraktiv kulturdestinasjon.

Vår UNWTO. (2018). *Tourism and Culture Synergies*. Madrid: UNWTO.